

Randi Bergem, Finn Ove Båtevik og
Marte Hanche-Olsen

Notat 3/2012

Kva skal eg bli?

Evaluering av Karrieredagane i Møre og
Romsdal

Tittel	Kva skal eg bli? Evaluering av Karrieredagane i Møre og Romsdal
Forfattarar	Randi Bergem, Finn Ove Båtevik og Marte Hanche-Olsen
Prosjektleiår	Randi Bergem
Sider	29
Prosjektnummer	17152
Prosjektittel	Evaluering av Karrieredagane i Møre og Romsdal
Oppdragsgjevar	Møre og Romsdal fylkeskommune
Referanse oppdragsgjevar	Berit Kvalsvik Teige, Utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune
Ansvarlig utgjevar	Møreforskning Volda
ISSN	1891-5973
Distribusjon	Open http://www.moreforsk.no/volda.htm http://www.hivolda.no/fou
Nøkkelord	Karriererettleiing, ungdom, yrkesval, utdanningsval

Rapporten er tufta på ei evaluering av Karrieredagane i Møre og Romsdal. Karrieredagane er eitt av fleire karriererettleiingstiltak retta mot ungdom i fylket. I samband med Karrieredagane er det arrangement i fire regionar, som er Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre. På oppdrag for Møre og Romsdal fylkeskommune, har Møreforskning evaluert Karrieredagane. Møreforskning har undersøkt kva erfaringar medverkande aktørar og deltakarar har med Karrieredagane, med fokus på mellom anna planlegging og organisering av Karrieredagane, utbyttet for elevane og fylkeskommunen si rolle. Problemstillingane er undersøkte gjennom dokumentstudiar, møtedeltaking, undersøking blant ungdomsskuleelevar og intervju med sentrale aktørarar. Evalueringa skal danne grunnlag for å vurdere profilen på arrangementet, og korleis ein framover kan planlegge, organisere og gjennomføre Karrieredagane

© Forfattar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Forord

Rapporten er tufta på ei evaluering av Karrieredagane i Møre og Romsdal. Karrieredagane er eitt av fleire karriererettleiingstiltak retta mot ungdom i fylket. I samband med Karrieredagane er det arrangement i fire regionar, som er Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre. På oppdrag for Møre og Romsdal fylkeskommune, har Møreforskning evaluert Karrieredagane. Vi har undersøkt kva erfaringar medverkande aktørar og deltakarar har med Karrieredagane, med fokus på mellom anna planlegging og organisering av Karrieredagane, utbyttet for elevane og fylkeskommunen si rolle. Evalueringa skal danne grunnlag for å vurdere profilen på arrangementet, og korleis ein framover kan planlegge, organisere og gjennomføre Karrieredagane.

Problemstillingane er undersøkte gjennom dokumentstudiar, møtedeltaking, undersøking blant ungdomsskuleelevar og intervju med sentrale aktørarar. Vi takkar alle som har medverka i evalueringa; koordinatorarar i dei fire regionane, elevar ved eit utval ungdomsskular, lærarar og rådgjevarar ved ungdomsskular, leiarar ved opplæringskontor, representantar frå arbeidslivet (privat og offentleg sektor) og tilsette ved vidaregåande skular.

Takk til utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for eit svært interessant oppdrag.

Volda, 3. februar 2012

Randi Bergem (prosjektleder) Finn Ove Båtevik Marte Hanche-Olsen

Innhald

Forord	5
Innhald	6
Innleiing – om Karrieredagane i Møre og Romsdal	7
Problemstillingane og datagrunnlaget i evalueringa	8
Problemstillingane.....	8
Datagrunnlaget.....	8
Elevundersøking	8
Intervju	9
Dokumentstudiar og deltaking på møte	9
Evaluering av Karrieredagane	9
Karrieredagar baserte på ulike modellar.....	10
Involverte partar.....	10
Planlegginga av Karrieredagane	11
Organisering og praktisk gjennomføring.....	12
Møre og Romsdal fylkeskommune si rolle i Karrieredagane	15
Profilen under Karrieredagane	16
Samanhengen mellom Karrieredagane og faget utdanningsval	18
Faget utdanningsval	18
Organisering av faget utdanningsval.....	19
Karrieredagane som del av faget utdanningsval	19
Berekraftige partnerskap rundt Karrieredagane.....	20
Utbyttet for elevane	21
Har Karrieredagane påverka tankar om yrkesval?	22
Utdanningsvegane til bestemte yrke	24
Karrieredagane er liv laga	26
Referansar	29

Innleiing – om Karrieredagane i Møre og Romsdal

Karrieredagane i Møre og Romsdal er eit tiltak som tek sikte på å synleggjere utdanningsvegar og yrkesvegar i fylket. Karrieredagane har utspring i programmet UNG i Møre og Romsdal, og vart arrangerte første gongen i 2007. Karrieredagane var i utgangspunktet eit pilotprosjekt i einskapsfylket Møre og Romsdal fylke. Einskapsfylket vart avslutta ved utgangen av 2009, og frå 2010 har fylkeskommunen vore eigar av Karrieredagane.¹ Frå 2010 er ikkje Karrieredagane eit prosjekt, men inkludert i drifta til Møre og Romsdal fylkeskommunen. Utdanningsutvalet i fylket avgjer frå år til år om det skal løyvast pengar til Karrieredagane, og i 2011 løyvde fylkeskommunen kr. 700 000 til gjennomføring av arrangementet.

Måla for Karrieredagane er:

- at så mange avgangselevar som mogleg skal få eit meir levande bilete av utdannings- og arbeidsforholda i eigen region (Møre og Romsdal)
- at arrangementet kan vere ein motivasjonsfaktor for å få ungdomane til å velje utdanningsretning og yrke som finst i eigen region
- at arrangementet vil kunne gi elevane meir kjennskap til utradisjonelle yrke på tvers av kjønn og etnisk bakgrunn
- at Karrieredagane skal vere ein del av faget utdanningsval
- at Karrieredagane kan gi elevane ein sjanse til å teste og prøve å kjenne på eigen kropp korleis utdanning og arbeidslivet i eigen region er bygd opp og er organisert

Ideen med dagane er at dei skal planleggast og gjennomførast som ein forpliktande og likeverdig partnerskap mellom aktørane, som er utdanningsinstitusjonar, arbeidsliv og næringsliv i offentleg og privat sektor, opplæringskontor, kommunar og utdanningsavdelinga i fylkeskommunen.

Arrangementet vert som regel gjennomførte i september. I kvar av dei fire regionane er det ei arbeidsgruppe med ein koordinator som førebur dagane. Seinare i rapporten kjem vi nærare inn på planlegging og organisering av Karrieredagane.

Kvart år vert det brukt godt over 3 millionar kroner til Karrieredagane, det inkluderer utgifter til mellom anna transport, leige av lokale, tidsbruk til planlegging og gjennomføring hos dei aktørane som er involverte (tilsette i fylkeskommunen, koordinatarar, deltakarar frå arbeidslivet, guidar, lærarar mfl.). I 2009 og 2010 fekk pilotprosjektet tilskott på til saman 800 000 kroner frå Småsamfunnsatsinga til Kommunal- og regionaldepartementet, men tilskottet utgjør altså ein relativt liten del av kostandene.

Fylkeskommunen sender invitasjon til skulane med informasjon om tid og stad for arrangementa, og orientering om transport, organisering osv. Alle elevane på 10. steget i Møre og Romsdal vert inviterte til Karrieredagane. Skulane melder på elevane via ei lenke på nettsida til fylkeskommunen. Om lag 3000 elevar og 250 lærarar er med årleg.

Første gongen Karrieredagane vart arrangerte (i 2007) var elevane og lærarane på Sunnmøre med på arrangement i Ålesund, og elevar og lærarar i Romsdal og på Nordmøre var med på arrangement i

¹ I einskapsfylket var fylkesmannsembetet og den fylkeskommunale administrasjonen slått saman og hadde felles leiar. Føremålet med forsøket med einskapsfylke var å få erfaringar med alternative måtar å organisere forvaltninga på, og å forenkla og effektivisere forvaltninga på regionalt nivå. Møre og Romsdal var einskapsfylke frå 2004 til og med 2009.

Kristiansund. I 2008 var det gjennomført Karrieredagar i Ålesund, Molde og Kristiansund. Men frå og med 2009 har inndelingane vore slik: region Søre Sunnmøre, region Nordre Sunnmøre, romsdalsregionen og region Nordmøre. Kvar region får tilskott frå fylkeskommunen (i 2011 var det 90 000 kroner), og i tillegg finansierer fylkeskommunen transporten av elevar og lærarar frå skulane til arrangementsstaden.

I kvar region er det sett av to eller tre dagar til Karrieredagane, men kvar enkelt elev deltek berre ein av dagane. Postane/stasjonane er dei same alle dagane. Elevane vert delte inn i grupper, som vert leidde av ein guide som følgjer elevane gjennom dei ulike postane/stasjonane. Skulane er ansvarlege for eigne elevar under heile arrangementet.

Problemstillingane og datagrunnlaget i evalueringa

Møreforskning AS evaluerer Karrieredagane på oppdrag for Møre og Romsdal fylkeskommune (utdanningsavdelinga). Hovudføremålet med evalueringa er å finne ut kva som er erfaringane med Karrieredagane med tanke på planlegging, organisering, gjennomføring av arrangementet, og når det gjeld utbyttet for elevane. Evalueringa skal også seie noko om fylkeskommunen si rolle.

Problemstillingane

Hovudspørsmåla i evalueringa av Karrieredagane i Møre og Romsdal er:

1. Korleis er utbyttet for elevane? I kva grad og korleis har Karrieredagane påverka elevane med tanke på utdanningsval /yrkesval?
2. Korleis påverkar Karrieredagane ungdomsskulane si tilnærming til faget utdanningsval?
 - Korleis førebur skulane deltakinga på Karrieredagane? Kvifor?
 - Kva er gjort av etterarbeid? Kvifor?
3. Korleis fungerer Karrieredagane? Planlegging, organisering, gjennomføring, profil.
4. Korleis er rollefordelinga mellom partar som er involverte i Karrieredagane? Fungerer det føremålstenleg? Kva er bra, og kvifor? Kva kunne vore annleis og kvifor?
5. Kva forventar aktørar i privat sektor og offentleg sektor at fylkeskommunen si rolle skal vere i tilknytning til karrieredagane? (Økonomisk støtte, organisator, pådrivar, lokalt handlingsrom).
6. I kva grad og på kva måtar vil/får arbeidslivsaktørar profilere seg under Karrieredagane?
7. Korleis kan ulike private og offentlege aktørar medverke til å gjere dagane betre med tanke på finansiering, planlegging og gjennomføring?
8. Kva kan gjerast for å kunne bygge opp meir stabile partnerskap, der fleire partar tek ansvar for planlegging, organisering og gjennomføring av Karrieredagane?

Datagrunnlaget

Evalueringa av Karrieredagane er tufta på ei elevundersøking, intervju med nøkkelaktørar, dokumentstudiar og deltaking på møte. Datainnsamlinga er gjort i perioden oktober 2011-januar 2012.

Elevundersøking

Som grunnlag for å seie noko om utbyttet for elevane, har elevar i fire klasser på 10. steget, èi klasse i kvar region, svart på spørsmål om ulike sider ved Karrieredagane. Det var Møreforskning som utforma oppgåvene til elevane. I alt har 89 elevar vore med i elevundersøkinga, som vart gjennomført i ein

skuletime, og administrert av kontaktlærer for klassen, eller av annan lærar med ansvar for faget utdanningsval. Elevane som er med i undersøkinga deltok på Karrieredagane hausten 2011. Vi har ikkje samla informasjon frå elevar som har vore med på Karrieredagane tidlegare år. For det første var det ikkje rammer for det innafør ressursane og tida som vart sett av til evalueringsarbeidet, for det andre kan informasjon som vert samla lang tid etter at ungdomar var med på Karrieredagane vere lite påliteleg.

Intervju

Evalueringa av Karrieredagane er elles tufta på intervju med koordinatorane i kvar av dei fire regionane. Vidare er to lærarar i kvar region (til saman åtte lærarar) intervjuar om erfaringar med Karrieredagane, og om samanhengen mellom faget utdanningsval og Karrieredagane.

Arbeidslivsaktørarar (privat og offentleg sektor), representantar frå tre opplæringskontor og ein vidaregåande skule er også intervjuar, til saman åtte informantar. I intervjuar med koordinatorarar, lærarar, arbeidslivsaktørarar og representantar frå opplæringskontor har det vore fokus på Karrieredagane generelt, og ikkje spesielt Karrieredagane 2011.

Dokumentstudiar og deltaking på møte

Ut over elevundersøkinga og intervju med nøkkelaktørar, byggjer evalueringa på studiar av dokument, som til dømes møtereferat og rapportar frå regionane og ymse dokument frå fylkeskommunen. Mellom anna er data frå ei evaluering av Karrieredagane 2010, gjennomført ved ungdomsskular, vidaregåande skular og opplæringskontor inkludert i dokumentstudiane.

Vi har også vore med på møte om evaluering av Karrieredagane 2011, i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune 24. oktober 2011, og på møte mellom næringslivsorganisasjonar, opplæringskontor og fylkeskommunen (regional- og næringsavdelinga og utdanningsavdelinga) i Ulsteinvik 29. november 2011. Tema for det sistnemnde møtet var først og fremst å drøfte korleis verksemder og opplæringskontor på ulike måtar og på ulike arenaer kan medverke i karriererettleiing og i faget utdanningsval. Som ein del av drøftinga var erfaringane med Karrieredagane relevant. Begge møta ga informasjon med stor relevans for evalueringa av Karrieredagane, og ulike aktørarar fekk formidla synspunkt på og erfaringar med Karrieredagane. Informantane som er intervjuar i gruppa 'opplæringskontor og arbeidsliv', er difor gjort blant aktørarar som ikkje var representerte på møta i Molde og Ulsteinvik.

Evaluering av Karrieredagane

Karrieredagane skal gjennomførast i eit samarbeid mellom kommunar, opplæringskontor, vidaregåande skular, høgskular, verksemder og fylkeskommunen. Det er eit mål at Karrieredagane skal gi elevane ei oppleving av og kjennskap til mangfaldet av yrke i Møre og Romsdal. Gjennom Karrieredagane skal ein prøve å få fram størst mogleg breidde i bransjar og yrke. Vidare er det eit poeng at arrangementet ikkje skal ha messepreg, og at det skal leggast vekt på at elevane skal få prøve seg i praksis. For at elevane skal få best mogleg utbytte av Karrieredagane, er det mellom anna lagt opp til forarbeid og etterarbeid ved skulane. Koplinga mellom faget utdanningsval, som er eit fag i ungdomsskulen, og Karrieredagane er også eit element i Karrieredagane.

Kvar av dei fire regionane har ein **koordinator**, som skal organisere dei lokale arbeidsgruppene/styringsgruppene, søke fylkeskommunen om midlar, planlegge og fordele oppgåver mellom partane og samordne gjennomføringa av arrangementet (transport, logistikk under

arrangementet og guidar) . Koordinator skal også vere kontaktperson overfor fylkeskommunen, bidra i informasjonsarbeidet og i møteverksemd knytte til Karrieredagane.

Kven som har teke på seg å vere koordinator, har variert frå år til år, og mellom regionane. I løpet av dei åra Karrieredagane har vore på lufta, har både høgskular, næringsråd/næringsforum, kommunar og vidaregåande skular hatt koordinatorfunksjonen. I 2011 tok Nordmøre næringsråd og Molde Næringsforum på seg koordinatorfunksjonen for høvesvis region Nordmøre og region Romsdal, delvis etter eige ønske. I region Søre Sunnmøre var koordinator knytt til Høgskulen i Volda og på Nordre Sunnmøre til Team oppvekst i Ålesund kommune. Somme år og i somme regionar har det vore ei utfordring å få nokon til å vere koordinator, og det kan såleis vere tilfeldig kven som vert koordinator. Det vil ikkje seie at det har enda med dårlege løysingar, men det inneber at koordinator har kome på plass utan at det nødvendigvis er grundig drøfta kva som er den mest føremålstenlege løysinga.

Karrieredagar baserte på ulike modellar

Karrieredagane har vore under utvikling frå år til år. Dei som har det koordinerande ansvaret for dagane, gir likevel uttrykk for at hovudlinene for dagane etter kvart er på plass og at Karrieredagane som idè hovudsak blir positivt motteke.

På mange måtar er det to modellar som ligg til grunn for den forma Karrieredagane har fått så langt. Dei to modellane legg ulike profilar til grunn for måten å tenkje på. Romsdal og Nordmøre har ein tydleg «bedriftsprofil» i arbeidet, medan Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre i større grad legg utdanningane til grunn i tilnærminga til Karrieredagane. Frå Nordmøre blir det til dømes sagt: *Det er ikkje utdanningsprogramma som er utgangspunktet for vår organisering. Bakgrunnen for dagen er kva som finst i regionen, og at dei vert kjende med bedrifter. Vi har fokus er på bedrifter, bransjar og yrke, ikkje på utdanningsprogram. Frå Nordre Sunnmøre heiter det for eksempel: For oss har det vore viktig å få representert alle utdanningsretningane.*

Ulik profil gir også praktiske utslag i korleis dagane blir organiserte og gjennomførte. I Romsdal kjem for eksempel bedriftsperspektivet til uttrykk på følgjande måte: *Det er ein føresetnad for at bedriftene får stille at dei kan legge opp til ein slik aktivitet, dvs. at alle skal kunne prøve i løpet av 20 minutt og at dette er ein aktivitet som speglar det yrket som bedrifta representerer.* I den grad ein ikkje greier å rekruttere bedrifter (i samarbeid med opplæringskontor), som kan fylle eit slikt krav, er det heller ikkje grunnlag for å presentere det aktuelle utdanningsprogrammet på Karrieredagane.

Begge modellane tek utgangspunkt i målsetjingane om å gi elevane oppleving og smakebitar av det mangfaldet av yrke som er i Møre og Romsdal. Opplevinga skal først og fremst kome gjennom praktisk utprøving, som gir eit inntrykk av kva det inneber å velje visse yrke, og det er viktig å synleggjere ulike utdanningsvegar fram til bestemte yrke. Vektlegginga kan likevel vere litt ulik, noko som på fleire måtar viser att i korleis ein arbeider både med tanke på planlegging og gjennomføring av Karrieredagane i dei ulike regionane.

Involverte partar

Koordinatorane i Romsdal og Nordmøre representerer høvesvis Molde Næringsforum og Nordmøre næringsråd. Koordinatoren for Nordre Sunnmøre har arbeidsstad i Ålesund kommune, medan Søre Sunnmøre har koordinator frå Høgskulen i Volda. Kvar koordinator har knytt til seg arbeidsgrupper. I nokre tilfelle har ein sett seg tente med èi arbeidsgruppe, i andre tilfelle har ein to. Arbeidsgruppene har ulik samansetjing i regionane. Arbeidsgruppa på Nordre Sunnmøre skil seg mest ut ved at det

berre er opplærings sida som er representert. Koordinator er i denne regionen skulefagleg rådgivar i kommunen og representerer såleis også sjølv utdanningssida.

Også Søre Sunnmøre er tungt representert frå skule- og opplærings sida, men også med ein representant for Maritim foreining for Søre Sunnmøre (MAFOSS). I ei av arbeidsgruppene i Romsdal inngår primært representantar for dei bedriftene og opplæringskontora som deltek med aktivitetar under Karrieredagane. I tillegg har Romsdal også ei eiga arbeidsgruppe for den delen av arrangementet som føregår ved Høgskolen i Molde, med representantar for høgskulen. Region Nordmøre har i mindre grad formalisert noko arbeidsgruppe rundt koordinatoren, men dei to bedriftene som fungerer som vertskap for Karrieredagane i regionen er aktivt med i prosessen.

Spørsmålet er om ordninga kunne ha profittert på at arbeidsgruppene kunne ha representert større breidde. Det er sjølv sagt også avhengig av kva ein ønskjer å oppnå med arbeidsgruppene. Dersom arbeidsgruppa primært er tenkt som ein kanal mot skulane og opplærings systemet, er det naturleg at samansetninga speglar dette. Dersom målet er å involvere bedriftene sterkare, bør arbeidsgruppa spegle det. Samtidig er det eit poeng at gruppene ikkje blir for store. Frå Romsdal si side blir det for eksempel rapportert at ein føler arbeidsgruppa er passe stor og at ho fungerer godt slik ho no er bygd opp.

Gjennomføringa av Karrieredagane er heilt avhengig av koordinatorene. Koordinatoren spelar ei nøkkelrolle for framdrift i arbeidet, i arbeidet med å få ut informasjon til sentrale aktørarar, osb. Ei felles utfordring for alle koordinatorene, er dei ressursane som er sette av til arbeidet. For å kunne gjennomføre arbeidet er ein heilt avhengig av at eigen institusjon legg inn eigeninnsats. Til dette bildet høyrer også at institusjonane som stiller koordinatarar til disposisjon har ein eigeninteresse i ordninga. Samarbeid mellom skule/utdanning og næringsliv inngår i større eller mindre grad i arbeidsoppgåvene dei fire koordinatorene også har i sitt 'ordinære' arbeid. Andre interesser kan også spele inn. Høgskulen i Volda som utdannar lærarar, har for eksempel studentar som skal bli kjende med faget utdanningsval. Karrieredagane passar såleis inn i undervisningsopplegget til desse studentane.

Det er eit uavklart spørsmål knytt til finansieringa av arbeidet til koordinatorene og kor stor eigeninnsats «vertsinstitusjonane» skal legge i arbeidet med arrangementa. Spørsmålet blir særleg synleg på Nordre Sunnmøre, der Ålesund kommune stiller med koordinator. Ålesund kommune representerer ein av fleire kommunar i regionen. Ideelt bør koordinator representere regionen og ikkje enn ein enkeltkommune. Det har derfor også vore vurdert om koordineringa av Karrieredagane er ein funksjon som naturleg høyrer til Ålesundsregionens utviklingsselskap (ÅRU).

Planlegginga av Karrieredagane

Gjennomføring av eit så stort arrangement som Karrieredagane krev ein lang planleggingsperiode. Dei ulike regionane har ulik tilnærming til denne delen av arbeidet.

Koordinatorene har naturleg nok ei sentral rolle gjennom heile arbeidet, både overfor fylkeskommunen og aktørane i regionen. Romsdal og Nordmøre har eit meir etablert system enn dei andre regionane. I Romsdal gjennomfører ein for eksempel eitt planleggingsmøte og eitt evalueringsmøte, medan planlegginga på Nordre Sunnmøre var basert på hyppig møteverksemd gjennom store delar av våren, der prosjektgruppa møttest kvar tredje veke.

På Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre gjekk ein breitt ut i starten. På Søre Sunnmøre vart det gjennomført eit dialogmøte ved Høgskulen i Volda der representantar frå grunnskular og vidaregåande skular, opplæringskontor, kommunar og representantar for næringslivet var til stades. Arbeidsgruppa som vart etablert hadde utspring i det møtet. På Nordre Sunnmøre vart det gjennomført eit fellesmøte i februar der alle ungdomskulane, vidaregåande skular, skuleeigarar, opplæringskontor og fylkeskommunen var representerte.

Utfordringane som ein møter speglar langt på veg måten ein har valt å organisere dagane på. I Romsdal og Nordmøre blir det gitt uttrykk for at dei har gode erfaringar med den måten planlegginga har vore gjort på. Dei ser likevel enkelte manglar. Det blir mellom anna nemnt at ein veit for lite om korleis skulane stiller seg til det opplegget ein har brukt. Slike tilbakemeldingar kan ein sjølv sagt få gjennom å legge til rette for evaluering. Ein kan også tenke seg at ein kan oppnå noko av det same med å involvere skulane meir i planlegginga av dagane. I tillegg blir det uttrykt uvisse rundt korleis det kan sikrast større breidde med tanke på dei faga som er representerte under arrangementa.

Nettverket som koordinatorene har og den profilen som er lagt for Karrieredagane i dei ulike regionane, påverkar planleggingsfasen og kven som er involverte i den. Samtidig har arbeidet i seg sjølv opna for etablering av nye nettverk. På Søre Sunnmøre opplever koordinatoren at ein gjennom den tilnærminga som er valt har lukkast med å etablere ei brei partnerskapsgruppe, med aktørarar både frå opplæring og privat næringsliv.

Opplæringskontora har ein viktig funksjon med tanke på å sikre breidde i deltaking, ikkje minst i dei regionane der det ikkje er representantar for bedriftene, i og med at deira rolle nettopp er å fungere som ein bindelekk mellom skulesystemet og næringslivet.

Sjølv om involveringa og representasjonen frå næringslivet i planlegginga av Karrieredagane kan variere, medverkar arrangementa til samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv. Dette kan i seg sjølv ha betydning og verdi ut over det konkrete samarbeidet som gjeld Karrieredagane.

Organisering og praktisk gjennomføring

Det er lagt opp til at Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for utsending av invitasjon til ungdomskulane, og at det blir laga og sendt ut oppgåver til skulane slik at elevane kan førebu seg til arrangementa. På grunn av kapasitetsproblem, er ikkje slike oppgåver sende ut siste åra, og det kan ha påverke både utbyttet som elevane får av dagane og vere uheldig for arbeidet ved skulane før og etter arrangementa. Ein del andre praktiske forhold, mellom anna transport, blir også organisert frå fylkeskommunen og er ein viktig premis for å kunne gjennomføre eit så stort arrangement som Karrieredagane er. Hovudintrykket er at transportsopplegget fungerer godt.

Å nå ut med informasjon på førehand kan vere ei stor utfordring også i kvar enkelt region. Nordre Sunnmøre la opp til at deltakarane i arbeidsgruppa kunne fungere som ein viktig informasjonskanal. Representanten for grunnskule hadde informasjonsoppgåver knytt til sitt felt, representanten for yrkesfag for sitt felt osv. I etterkant såg ein at viktig informasjon likevel ikkje hadde nådd ut til dei som skulle ha hatt den.

Høgskulen i Volda laga på si side ei eiga avis, som gav både skulane og elevane på Søre Sunnmøre informasjon. I Romsdal blei det delt ut ein brosjyre til alle lærarar, rådgjevarar og elevar under sjølve arrangementet. Her var det informasjon om aktivitetane, bedriftene, yrke og kva utdanningar som

blir kravd for å kunne utdanne seg til aktuelle yrke. Arrangøren oppmoda om at lærarane skulle gå gjennom denne informasjonen saman med elevane og bruke den som grunnlag for vidare diskusjon i klassen etter avslutta karrieredag.

Arrangørane ønskjer at lærarane skal vere ein aktiv part, både i forkant, under og etter arrangementet, og arrangørane har lagt vekt på å få det til. I informasjonsskrivet som vart sendt ut på førehand på Nordre Sunnmøre vart lærarane oppmoda om å delta aktivt under arrangementet. Ei side ved det er at lærarane har betre føresetnader for å følgje opp elevane etterpå. I tillegg ser arrangøren at ungdomsskulelærarane kan bruke arrangementet til å bygge sine egne nettverk mot opplæringskontor, vidaregåande skular og bedrifter. Sett frå arrangørane si side er det såleis eit klart mål å finne ei form der lærarane kan ha mest mogleg utbyte av arrangementet, utan at lærarane skal ha noko leiande rolle overfor eigne elevar eller i arrangementet elles. Målet er såleis at lærarane skal få eit godt inntrykk av det tilbodet elevane deltek på, samtidig som dei kan utvikle breiare nettverk.

I praksis har lærarane i varierende grad brukt arrangementa slik det er tenkt. Mellom anna har somme lærarar ikkje følgt elevane rundt på enkeltpostar i det heile. I kva grad dette skuldast at ein ikkje har nått fram med informasjon om intensjonen bak opplegget er uvisst. Det er i alle fall nærliggande å sjå deltaking frå lærarane si side som vesentleg både for utbyttet til elevane og for at arrangementa kan gi auka kompetanse hos lærarane.

På Karrieredagane blir elevane delte inn i grupper og skal følgje bestemte løyper, der dei skal innom eit bestemt tal postar. Hovudopplegget er at ein utdanningsinstitusjon, eitt opplæringskontor (gjeld yrke som krev fagopplæring) og ei bedrift er representerte på ein post. Eit sentralt element i opplegget er å synleggjere koplinga mellom eit utdanningsprogram og eit yrke. I og med at alle elevane skal aktiviserast på kvar post, må gruppene vere relativt små, samtidig som det blir sett av nok tid til kvar gruppe på posten. I praksis betyr det at det ikkje er rom for at alle elevane får med seg alle postane. På Nordmøre og i Romsdal meiner arrangørane at dersom eit utdanningsprogram skal vere representert på Karrieredagane, må det synleggjerast gjennom koplinga mellom utdanningsprogram og yrke. Dette krev ein aktivitet på kvar post som er eigna til å gi elevane innblikk i det yrket som blir presentert. I Romsdal er det for eksempel eit klart krav til bedrifter som vil vere med på Karrieredagane, at dei kan legge opp til ein aktivitet, som alle elevane som er innom posten skal kunne delta i, samtidig som det skal vere ein aktivitet som speglar det yrke som bedrifta representerer.

Arrangørane på Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre har ikkje på same måten stilt absolutte krav til bedrifts- og yrkesrelatert aktivitet på kvar post. Her har det vore lagt meir vekt på at alle utdanningsprogramma skal vere representerte. Det har i praksis ført til at enkelte av postane minner meir om utdanningsmesse enn karrieredagar. Begge regionane arbeider rett no ut frå grunntanken om at Karrieredagane skal sette utvalde yrke i fokus, og at ein gjennom det også skal kunne seie noko om utdanningsvegar som fører fram til desse yrka. På Nordre Sunnmøre var hovudbiletet, i alle fall når det gjed yrkesfaga, at *dei følgde eit opplegg der intensjonen med Karrieredagane, det vil seie med å knyte aktivitetar på kvar post.* På Søre Sunnmøre konkluderte ein med at *intensjonen var å gi næringsliv og opplæringskontor ein større del av kvar post. Dette var imidlertid vanskeleg å få til på mange av postane.*² Spørsmålet er om ein bør stille absolutte krava til deltakarane som skal vere med og dermed sikre at intensjonen med Karrieredagane blir følgde, eller om det er så viktig å ha alle

² Prosjektrapport Karrieredagane 2011 på Søre Sunnmøre, Volda 7. november 2011.

utdanningsprogram at ein senkar krava for dei bedriftene/næringane som vil vere med. Den siste strategien kan i verste fall undergrave heile grunnlaget for Karrieredagane.

Søre Sunnmøre har, i motsetnad til dei andre regionane, gjennomført eit opplegg der det blei lagt opp til at alle elevane skal bli presentert for alle utdanningsprogram. Utgangspunktet for valet var eit vedtak i arbeidsgruppa. Grunnlaget for vedtaket er for det første at elevane skal få ei mest mogleg heilskapleg karriererettleiing, og at dei skal ha eit godt utgangspunkt for å velje kva retningar som er aktuelle for hospitering, eit val som skal skje ikkje så lenge etter at Karrieredagane er gjennomførte.

Dersom Karrieredagane hadde vore den einaste vegen til å orientere seg om yrkesval og vegen fram, kunne det vere fornuftig at alle elevane skulle få med seg «litt av alt». Dersom ein derimot ser Karrieredagane som ein del av eit større heilskap der målet er å hjelpe elevane til i yrkes- og utdanningsval, er det eit spørsmål om det er ein fornuftig strategi å tenke mest mogleg breidde for kvar enkelt elev. Skal elevane bli involverte i konkrete aktivitetar, slik meininga er med Karrieredagane, må elevane som møter til ein bestemt post ha tid til å prøve den aktiviteten som høyrer til.

I alle regionane opplever ein det som ei utfordring å involvere bedrifter som kan synleggjere breidda i arbeidslivet. Den største utfordringa her ligg i å involvere bedrifter i offentleg sektor. Så langt har denne sektoren vore lite synleg på arrangementa. Sett i lys av det store behovet denne sektoren har for rekruttering av arbeidskraft i åra som kjem, er det påfallande at denne sektoren i liten grad nyttar høve til å presentere konkrete yrke og relevante utdanningar i regi av Karrieredagane.

Dei tre høgskulane i Møre og Romsdal er direkte involverte i arrangementa i eigen region. I tillegg er det også eksempel på at høgskulane er representerte i ein av dei andre regionane. Høgskolen i Molde er ein av samarbeidspartane på Nordmøre. Høgskulen i Volda stod bak ein av aktivitetane ved ein av postane som Høgskolen i Molde hadde på sitt arrangement, med temaet media og kommunikasjon. Gjennom eit breiare engasjement frå høgskulane i alle regionane, ligg det eit klart potensial for å vise eit breiare spekter av bedrifter, yrke og utdanningsvegar i kvar region.

Karrieredagane opererer i ein marknad, der dei partane ein ønskjer skal samarbeide, også er konkurrentar. Sett frå dei vidaregåande skulane si side kan Karrieredagane vere ein måte å profilere eige utdanningstilbod. Enkelte skular tilbyr same utdanningsprogram i same region, og konkurrerer såleis om dei same ungdomane/elevane. Ulike opplæringskontor rekrutterer lærlingar frå same utdanningsprogram, og kan difor også sjåast på som konkurrentar. Enkelte av desse opplæringskontora slit med å rekruttere lærlingar. På same måten konkurrerer bedrifter om den same ungdomen. Utdanningsvala dei unge gjer kan påverke grunnlaget for rekruttering av lokal og regionale arbeidskraft. Det kan såleis vere klare interessekonfliktar mellom partane, konfliktar som også har materialisert seg i tilknytning til Karrieredagane. Det kan vere ein av grunnane til at somme opplever *samarbeidsvanskar, ..., mellom enkelte opplæringskontor og vidaregåande studieretningar*.³ For å hindre slike konfliktar har ein mellom anna vurdert om å opne for at fleire opplæringskontor kan vere representerte under kvart utdanningsprogram. Vurderinga er likevel at det ikkje er nokon god ide. Ved å opne for «alt», legg ein til rette for at arrangementet får meir preg av å vere ei yrkesmesse enn å vere karrieredagar. I tilfelle der ein faktisk har gitt rom for at ulike skular, som

³ Prosjektrapport Karrieredagane 2011 på Søre Sunnmøre, Volda 7. november 2011.

representerer same utdanningsretning, er å treffe på ein post, har ein opplevd at desse, overfor elevane, framstår som konkurrentar. Det er heilt klart ikkje i samsvar med intensjonane bak Karrieredagane.

Prinsippet bør såleis vere at det på kvar post berre er ein representant frå det aktuelle utdanningsprogrammet, samstundes som eitt opplæringskontor og ei bedrift er representert på same post. Spørsmålet er då kven som skal få sleppe til og prioriterast dersom fleire ønskjer å vere den som skal vere til stades og bli profilerte under arrangementet. Eitt grunnleggande prinsipp bør vere at det opplegget som i størst grad er i samsvar med intensjonen med dagane, blir prioritert. Når det er fleire som tilfredsstillir det kravet, må andre forhold vere retningsgivande. Spørsmålet er då kven som kan gjere slike prioriteringar. I praksis er organiseringa rundt Karrieredagane basert på partnerskap med likeverdige partar, der ingen har eit overordna ansvar for slike prioriteringar. Søre Sunnmøre gir uttrykk for det på følgjande måte: *Vi har bede fylket ta grep for å få til meir samarbeid mellom vidaregåande skule og opplæringskontora. Vi har ikkje autoritet nok til å gjere det, og det er vel ikkje vår oppgåve heller.* Ein tanke kan såleis vere at fylkeskommunen legg meir overordna føringar som kan vere retningsgivande for dei som har koordineringsansvar i regionane. Å legge opp til ordningar der aktørane skiftar frå år til år, kan vere ein veg å gå i dei tilfella der fleire aktørarar som representerer same «utdannings- og yrkesretning» har interesse av å profilere eit yrke og den utdanningsretninga som fører fram til det yrket.

Møre og Romsdal fylkeskommune si rolle i Karrieredagane

Fylkeskommunen si rolle i Karrieredagane skal vere (jf. brev frå fylkeskommunen til samarbeidspartane 14.mars 2011):

- å dekke transport og koordineringskostnader innanfor gitt ramme
- å sende ut invitasjon til ungdomsskulane
- å syte for påmelding på heimesida til fylkeskommunen
- å bestille transport
- å lage pressemelding
- å utforme og sende oppgåver til ungdomsskulane

Når det gjeld forventningar til fylkeskommunen si rolle i Karrieredagane, er dei i stor grad knytte til punkta som er nemnde ovanfor, eller som ein informant seier: *“Vi forventar i utgangspunktet ikkje noko anna enn det fylkeskommunen seier dei skal gjere, men det er ikkje alltid det vert gjort.”*

Fylkeskommunen gir økonomisk støtte, har ansvar for kontakten med skulane (pressemelding, invitasjon og påmelding) og for transport og logistikk. Transporten kan vere ei utfordring i somme regionar med lange avstandar mellom skulane og arrangementsstaden. For at det skal fungere best mogleg, bør skulane tidleg inn i planlegginga av transportlogistikken.

Arbeidet med pressemelding, invitasjon og påmelding fungerer bra, men når det gjeld kontakten med skulane elles, viser evalueringa at det trengst eit betre system med tanke på å utforme oppgåver som alle elevane, uavhengig av region, kan jobbe med i forkant av og etter Karrieredagane. Det er fylkeskommunen sitt ansvar, og viss ikkje det vert gjort frå deira side, er det tilfeldig om elevane får slike oppgåver. Det skjer i dei tilfella koordinatorane får tid til å gjere det. Med tanke på mest mogleg optimalt utbytte for elevane, og for å styrke koplinga mellom Karrieredagane og faget utdanningsval, er arbeidet med oppgåver eit sentralt grep.

Kostandene med Karrieredagane går langt ut over det regionane får i støtte. Utgiftene som ikkje vert dekte av den fylkeskommunale støtta, vert dekte av betaling frå skular og opplæringskontor, eller ved at arrangør/den koordinerende instansen går inn med støtte, anten i form av svært mykje eigeninnsats og/eller med å stille lokale gratis til disposisjon. Korleis denne utfordringa skal løysast, må fylkeskommunen drøfte med representantar for dei fire regionane. Det bør i alle fall vere eit visst samsvar med tanke på om og i kva grad skular og opplæringskontor i ulike regionar skal betale for arrangementet.

Informantar frå næringslivet i fylket har ikkje så klare meiningar om fylkeskommunen si rolle i Karrieredagane, men dei formidlar likevel tankar om det: *“Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i næringsutvikling og regional utvikling og difor er det naturleg at dei engasjerer seg i slike tiltak som Karrieredagane. Utan næringsliv fungerer ikkje fylket.”* Ein informant frå offentleg sektor meiner at fylkeskommunen kan bidra til å kvalitetssikre opplegget, og at dei i større grad må spele på lag med dei lokale aktørane, og kan hende også styre Karrieredagane i større grad enn tilfellet er no.

Dei fleste koordinatorane meiner det er føremålstenleg at kvar region har handlingsrom med tanke på profil, organisering og gjennomføring av Karrieredagane. Såleis er det ikkje ønskjeleg med ein fast mal for organisering og gjennomføring av dagane, men koordinatorane meiner det trengst retningslinjer, ikkje minst er det viktig å få dei vidaregåande skulane på banen i større grad, og det er fylkeskommunen sitt ansvar. Behovet er mellom anna formulert slik: *“Vi har bede fylket ta grep for å få til meir samarbeid mellom vidaregåande skular og opplæringskontora. Vi har ikkje autoritet nok til å gjere det, og det er vel ikkje vår oppgåve heller”.* Elles når det oppstår tilfelle der det må takast avgjerder som krev ei viss mynde, vert det også etterspurt ein instans som kan ha slik mynde. Det er mogleg fylkeskommunen kan ha ei slik rolle, men det kan hende den instansen som til ei kvar tid har koordinatorrolla kan ta avgjerder i dei tilfella partnerskapen ikkje vert samde om ei løysing.

Fylkeskommunen har ei viktig rolle i Karrieredagane, fordi arrangementet må sjåast i samanheng med og koordinerast med karriererettleinga i fylket. Men med nokre unntak ønskjer aktørar, som er med på Karrieredagane, i liten grad at fylkeskommunen skal styre Karrieredagane eller at dagane skal gjennomførast etter ein fast mal. I eit par regionar foreslår dei at fylkeskommunen, som skuleeigar, bør vere representert i arbeidsgruppa, og dei fleste ønskjer tydelege retningslinjer for kva Karrieredagane skal vere, og det må verte tydlegare kva som er fylkeskommunen si rolle, og at fylkeskommunen fyller den rolla.

Profilen under Karrieredagane

Arbeidslivsaktørar som opplæringskontor, bedrifter og bransjar har varierende synspunkt på og erfaringar med Karrieredagane. Skilnadene finn ein både innanfor dei ulike gruppene arbeidslivsaktørar, men også mellom dei fire regionane som arrangerer Karrieredagane.

Karrieredagane er organisert som eit utviklingstiltak, og innhald og form er blitt til i eit samspel mellom fylkeskommunen si utdanningsavdeling og lokale aktørar. I og med at Karrieredagane er organiserte i regionale partnerskap, som har relativt stort handlingsrom med tanke på organisering og gjennomføring, er det valt ulike tilnærmingar til Karrieredagane i dei fire regionane. Frå fylkeskommunen si side er det uttrykt at Karrieredagane skal vere noko anna enn ei yrkesmesse, fordi ein meiner at messearrangement gir liten læringseffekt. Fylkeskommunen har difor oppmoda til eit arrangement som er aktiviserande og praksisretta, og som på ein praktisk måte formidlar utdanningsvegar og yrke. Fylkeskommunen har formelt sett ikkje høve til å detaljstyre dei regionale

arrangementa, og definerer seg som medspelar og likeverdig part i partnarskapa. Lokale institusjonar og lokale styringsgrupper har ansvar for Karrieredagane i dei fire regionane.

Arbeidslivsaktørar har ulike erfaringar med arrangementet. Vi skal punktvis formidle hovudinntrykk frå arbeidslivsaktørar sine oppfatningar om profilen under Karrieredagane.

- Sjølv om det i mange samanhengar kjem klart til uttrykk at Karrieredagane ikkje skal vere ei yrkesmesse, er arbeidslivsaktørar til dels usikre når det gjeld profilen som arrangementet har: Skal det vere karrieredag, utdanningsmesse og/ eller yrkesmesse?
- Mange verksemder meiner det er bra at profilen under Karrieredagane har fokus på praktisk utprøving og mest mogleg konkret informasjon. Eller som ein informant frå næringslivet formidlar det: *“Mykje av det som skjer i næringsliv er vanskeleg å formidle i ein powerpoint-presentasjon.”*
- Verksemder som får lagt arrangementet til sine lokale, er svært tilfredse med det dei får vise fram. Dei får vist fram dei fleste områda i sine verksemder, og det fører også til at relativt mange tilsette får bidra under Karrieredagane. På den måten har det positive verknader for heile verksemda.
- Somme arbeidslivsaktørar meiner at målet må vere å presentere breidda av arbeidsliv/næringsliv i regionen, og at det å få fram breidda i utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring ikkje må vere utgangspunktet for profilen under Karrieredagane. Men det er viktig å kople dei bransjane og yrka som er presenterte på utdanningsdagane til relevante utdanningsprogram. *“Det bør vere bransjar og yrke i regionen”* som ein informant seier. Med andre ord meiner fleire informantar at det er profilen i arbeidsliv/næringsliv i regionen som bør vere utgangspunkt for kva yrke og bransjar som blir presenterte under Karrieredagane.
- Ulike synspunkt på i kva grad høgskulane bør være ein del av Karrieredagane.
- Arbeidslivsaktørar, både i offentleg og privat sektor, ønskjer meir aktiv bruk av opplæringskontora, og meiner at koordineringa mellom opplæringskontor og vidaregåande skular må bli betre. Ei av utfordringane ser ut til å vere å få mobilisert dei vidaregåande skulane i tilstrekkeleg grad.
- Dei fleste arbeidslivsaktørane opplever at planlegging og gjennomføring av Karrieredagane er prega av manglande koordinering og manglande informasjon.
- Karrieredagane er ressurskrevjande for dei som er involverte, men på same tid opplever dei fleste arbeidslivsaktørane at deltakinga er ei viktig investering for si bedrift og sin bransje.
- Arbeidslivsaktørar ser gjerne at det vert lagt vekt på å prøve å få vist fram større breidde i det som vert presentert frå arbeidslivet i regionen.
- Aktørar som vert spurde om å bidra med å organisere og gjennomføre arrangementa, til dømes ved at deira verksemd vert arrangementsstad, opplever at oppgåver og ansvar går langt ut over det som vart formidla då dei tok på seg å arrangere. For at arrangementa skal fungere best mogleg, må forventninga til det ulike aktørar skal bidra med vere tydeleg avklara i forkant.
- Opplæringskontora synest i ein del tilfelle at dei ikkje får profilert seg og sine medlemsbedrifter på ein god måte.
- Opplæringskontora samarbeider godt med sine medlemsbedrifter om opplegget under Karrieredagane, men det ser ut til at opplæringskontora er blant dei involverte aktørane som er mest skeptiske til korleis Karrieredagane fungerer. Det handlar om fleire forhold, som informasjon til bedrifter, koordinering og organisering. Ikkje minst meiner dei at fleire av yrkesfaga ikkje får den merksemda dei fortener. Det vert mellom anna framheva på denne

måten: “ Er du litt flink så blir du spora inn mot studiespesialisering, og viss du ikkje er så flink så kan du kanskje gå på yrkesfag, for då er det ikkje så farlig likevel. Bør komme flinke folk frå bransjane som kan vise at ein kan ha med seg hovudet sjølv om ein er flink praktisk.”

- Det må vere meir fokus på moglege utdanningsløp, og ikkje minst på at utdanning via fagbrev også kan brukast som utdanningsveg for dei som vil ta høgare utdanning.
- Karriererettleiinga har for mykje fokus på at ungdom bør gå vegen direkte til høgare utdanning, utan å få kjennskap til praksisfeltet. I følge somme informantar frå næringslivet, er det ei uheldig tilnærming, og ein av dei seier: “*Dei beste ingeniørane i bedrifter som våre, har erfaring frå praktisk arbeid t.d. som læringar e.a.*”
- Opplæringskontora ønskjer meir dialog med ungdomsskulane omkring Karrieredagane. Nokre av opplæringskontora har utarbeidd ressurspermar og informasjonshefte retta mot undervisning i faget utdanningsval, men med varierende respons frå skulane.
- Arbeidslivsaktørane saknar fylkeskommunen som ein tydelegare regional utviklingsaktør og medspelar knytt til Karrieredagane. Mange etterlyser diskusjon om kva Karrieredagane skal vere, og somme ønskjer retningslinjer.

Samanhengen mellom Karrieredagane og faget utdanningsval

Faget utdanningsval

Stortingsmelding nr. 30 (2003-2004) *Kultur for læring* la vekt på tre tiltak for at yrkes- og utdanningsval skulle bli enklare for elevane og redusere omfang av omval og fråfall. Faget utdanningsval er eitt av desse tiltaka. Dei to andre tiltaka er styrka karriererettleiing og auka fokus på heilskaplig løp, nærleik og samheng mellom skuleslaga.

Utdanningsval er eit fag på ungdomssteget og eit relativt nytt fag. Det dreier seg om 113 timar totalt i løpet av stega 8-10. Føremålet med faget er at det skal medverke til å skape heilskap og samheng i grunnopplæringa, og knyte grunnskule og vidaregåande opplæring betre i hop, og til at ungdomsskuleelevar blir bevisste på eigne interesser og føresetnader. Opplæringa i faget skal legge til rette for bruk av føremålstenlege arbeidsformer, både i skule og arbeidsliv. Bruk av ulike læringsarenaer som kan gje ei brei fagleg tilnærming gjennom kontakt og samarbeid med vidaregåande skular og arbeids- og næringsliv, er sentralt i faget.

Læreplanen for faget utdanningsval har definert tre hovudområde med tilhøyrande kompetansemål:

- *Om vidaregåande opplæring og arbeidsliv* (20 prosent av faget). Området omfattar struktur i vidaregåande, innhald i ulike utdanningsprogram, moglege yrke knytte til utdanningsprogramma, kunnskap om arbeidsmoglegheiter og framtidsutsikter, inkludert lokalt arbeids- og næringsliv.
- *Utprøving av utdanningsprogram* (60 prosent av faget). Dette området omfattar aktivitetar forankra i kompetansemål i utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Utprøvinga kan skje både i skule og arbeidsliv, og skal som hovudregel omfatte minst to ulike utdanningsprogram.
- *Om eigne val* (20 prosent av faget). Denne delen av faget skal omfatte kartlegging av og refleksjon over eigne interesser og føresetnader, knytte til eige utdannings- og yrkesval.⁴

⁴ <http://tema.udir.no/radgiver/Lists/Vedlegg/227/NIFU%20STEP%20Rapport%202039-2009.pdf>

Organisering av faget utdanningsval

Evalueringa viser at det er store skilnader mellom skulane med tanke på korleis dei arbeider med faget utdanningsval. Den største skilnaden handlar om korleis ein har valt å organisere faget i forhold til andre fag, og korleis ein fordeler det totale timetalet på dei ulike ungdomsstega og på ulike aktiviteter. Dei fleste skulane organiserer faget utdanningsval som eit sjølvstendig fag med ei definert timefordeling mellom dei tre ungdomsstega. Nokre få skular har valt å inkludere faget utdanningsval i andre fag. Felles for organiseringa er stor grad av fleksibel timebruk gjennom undervisningsåret. Aktivitetar som gründercamp, arbeidsveke, yrkesavklaring, bedriftsbesøk, hospitering på vidaregåande skular og deltaking på Karrieredagane er fellesnemnar for aktivitetar som skulane har inkludert i faget utdanningsval. Somme skular er også med på ulike entreprenørskaps- og yrkesprosjekt, og på utdannings- og yrkesmesser, som dei sjølve arrangerer eller som vert gjennomført i regi av lokalt næringsliv.

Bøkene “Vil bli” og “Mi framtid” ser ut til å vere sentrale læringsverktøy i faget, og vert brukte både som verkemiddel for auka kunnskap om utdannings- og yrkesval og som førebuing til aktivitetar på dei ulike stega. Ved nokre skular blir det brukt ulike interessetestar som verkemiddel i undervisninga.

Karrieredagane som del av faget utdanningsval

Karrieredagane er den viktigaste aktiviteten i faget utdanningsval på 10.steget. Rådgjevarar ved ungdomsskular, som er omfatta av evalueringa, omtalar Karrieredagane som ein aktivitet som gir ny kunnskap og konkretisering av utdannings- og yrkesval. Skulane vektlegg særleg Karrieredagane som eit viktig utgangspunkt for elevane når dei skal velje utdanningsprogram i vidaregåande. Karrieredagane ser ut til å vere eit viktig verkemiddel som skulane arbeider aktivt med i samanheng med læringsmål i faget utdanningsval. Det blir likevel presisert at Karrieredagane berre er ein av fleire aktivitetar og tiltak som inngår i faget utdanningsval: *“Det er nå en del av det heile det. Vi arbeider med disse testene, snakker om det og hvilke valg de skal ta. Det er jo bare en liten del av alt .*

Tar utgangspunkt i yrke dei er kjende med, og ser på kva dei kunne arbeidd med då – yrke, utdanningsvegvar osv. Arbeider med ulike yrke læraren lagar foreslår – yrke dei skal undersøke og sjekke, korleis dei skal gå fram med utdanningsveg, kva dei kunne tenke seg (rådgjevar ved ungdomsskule).

... når det nærmer seg karrieredagen så har vi et prosjekt eller du kan kalle det individuelt arbeid, som er en prosjektperiode som vi kaller “frå 10.klasse til yrke”... Midt inne i denne perioden kommer karrieredagen... Det som er fint med karrieredagen er at når de møter videregående skoler da vet de hva de skal spørre om...det er måten vi har forberedt de på. I etterkant hospiterer de på videregående skoler (rådgjevar ved ungdomsskule).

Sitata frå nokre av rådgjevarane skildrar på ein god måte korleis dei fleste ungdomskulane arbeider med Karrieredagane i faget utdanningsval. Men når det gjeld forarbeid og etterarbeid i samband med Karrieredagane arbeider skulane ulikt. Somme er meir systematiske enn andre. Ei forklaring er at nokre skulane ventar på oppgåver frå fylkeskommunen eller koordinatoren i regionen, utan at oppgåvene kjem, og då kan det vere at tida vert knapp med tanke på å lage eigne opplegg. Andre skular utarbeider eit opplegg på eige initiativ, og truleg fordi erfaringa tilseier at dei ikkje vil få tilsendt oppgåver:

Kvart år har vi fått beskjed om at det skal vere forarbeid, men det dukkar ikkje opp. Det har heller ikkje dukka opp etterarbeid. .. Har eit opplegg for for- og etterarbeid på skulen sjølve, og det er kanskje like greitt. Då snakkar vi om kva dei har sett, opplevd, fått med seg og kva moglegheit dei opplever at dei har. Det handlar mykje om dei yrka som er i vår lokale stad.

Ved andre skular har dei ikkje utforma eigne oppgåver til elevane, men dei har fokus på at elevane skal ha kjennskap til og kunnskap om utdanningssystemet og om kva som ligg i omgrepa utdanningsprogram, studiekompetanse, fagbrev osv. Etter deltaking på Karrieredagane har dei fleste skulane ei skriftleg og munnleg vurdering og oppsummering av det som gjekk føre seg på Karrieredagane.

Koordinatorane for Karrieredagane og arbeidslivaktørar i fylket har også svart på spørsmål om koplinga mellom karrieredagane og faget utdanningsval. Svara frå koordinatorane forsterkar inntrykket av stor variasjon rundt koplinga mellom Karrieredagane og faget utdanningsval. Det blir blant anna framheva at dialogen med skulane og arbeidet med oppgåver er det fylkeskommunen som har ansvaret for. Men i og med at dei fleste Karrieredagane er gjennomførte utan at det er utforma felles oppgåver til elevane, har det nok blitt slik at dei involverte no er usikre på kven som eigentleg skal gjere det; fylkeskommunen, koordinatorane eller skulane sjølve.

Ein av koordinatorane fortel at *“Det er lite dialog med skolene for det er fylket som skal ha den. Elles prøver vi å ha et opplegg for evaluering av dagene, slik at vi får en tilbakemelding. Vi får mange tilbakemeldinger fra skolene... Vi har ikke tenkt direkte opp mot faget utdanningsvalg. Bakgrunnen for dagen er hva som finnes i regionen, og at de blir kjent med bedrifter”*. Ein annan koordinator seier:

Faget utdanningsval er ikkje nok prioritert i utgangspunktet. Rådgevarane veit for lite om desse utdanningsprogramma/retningane. Elevane må få betre og meir korrekt informasjon, men dei skal ikkje få for mykje heller, for dei skal informerast og få råd, ikkje styrast og leiast inn i ei utdanning/eit yrke. Litt for lite fokus på at elevar kan finne ut sjølve basert på informasjon. Fylket og lærarane vil gjerne dirigere litt.

Arbeidslivaktørarar, både i offentleg og privat sektor, har relativt liten kunnskap om faget utdanningsval, og er i liten grad klare over koplinga mellom Karrieredagane og faget. Men dei er opptekne av å få fram at dei både har og ønskjer å ha godt samarbeid med skulane, sjølv om dei ikkje hadde kjennskap til faget utdanningsval.

Opplæringskontora gir i større grad uttrykk for konkret kjennskap til faget, og nokre av kontora har hatt ei aktiv rolle i skulane når det gjeld innhald i faget utdanningsval og Karrieredagane.

Berekraftige partnerskap rundt Karrieredagane

Ideen med Karrieredagane er mellom anna at planlegging og gjennomføring skal skje i eit forpliktande samarbeid mellom kommunar, verksemder, aktørar i vidaregåande opplæring og utdanningsavdelinga i fylkeskommunen. Samarbeidet om Karrieredagane vert i somme samanhengar omtalt som ein partnerskap, og partnerskap vert generelt oppfatta som eit forpliktande samarbeid mellom likeverdige partar. Kor forpliktande og likeverdige er partnarane som medverkar i Karrieredagane?

Partane i Karrieredagane er likeverdige på den måten at alle trengst dersom målet med tiltaket skal realiserast på ein god måte, men evalueringa viser at partane i somme tilfelle korkje forpliktar seg eller kan sjåast på som likeverdige.

Målet om at samarbeidspartane skal vere likeverdige fører til at samarbeidspartane i varierende grad oppfattar seg som naturleg koordineringspunkt for heile eller deler av arrangementet. For at eit arrangement som Karrieredagane skal bli best mogleg, må nokon ha det overordna oppsynet med alt som følgjer med dagane. Enkeltelement kan sjølvstøtt fordelast mellom samarbeidspartane, men nokon må sjå til at enkeltdelane heng godt i hop. Slik opplegget rundt Karrieredagane fungerer no, vert planlegginga, gjennomføringa av til dels profilen på arrangementet i stor grad definert utifrå kven koordinatorane er og kva aktør dei representerer. Koordinatorane gjer ein god jobb innanfor sine rammer og det dei opplever dei har mynde til å gjere. Men deira oppfatning er at målet med Karrieredagane må bli tydlegare og at det trengst retningslinjer som gir ein peikepinn når det gjeld arbeidet med planlegging og organisering. Behovet for at fleire partar dreg lasset i lag kjem også til uttrykk i evalueringa.

Samarbeidspartane har ulike interesser, noko som i seg sjølv ikkje treng påverke Karrieredagane i negativ lei. Det ser likevel ut til at dialogen mellom partane ikkje er god nok, og at ulike interesser gjer at somme er skeptiske til å bidra fordi Karrieredagane ikkje fungerer på ein måte som er i samsvar med deira oppfatningar om kva desse dagane skal vere. Ulike aktørar i arbeidslivet og representantar frå ulike fag ønskjer å bruke Karrieredagane til å få fram eigne yrke og bransjar, og ser på arrangementa som eit av fleire viktige rekrutteringstiltak. Vidaregåande skular og kommunane som skuleeigarar er i større grad er opptekne av at ungdomane/elevane får kjennskap til innhaldet i utdanningsprogram og kva vegar til yrke som opnar seg gjennom dei ulike utdanningsretningane, til dels uavhengig av behov i næringsliv/arbeidsliv i regionen.

Det trengst ein dialog mellom partane, der ein drøftar kva som skal vere hovudmålet med Karrieredagane, og kvifor dei ulike samarbeidsaktørane trengst for at elevane, som er målgruppa, skal få best mogleg utbytte av arrangementet. Kommunar, verksemdar og aktørarar i vidaregåande opplæring gir uttrykk for at fylkeskommunen bør ta initiativet til ein slik dialog. Tema kan vere kva ulike samarbeidspartar kan bidra med og kva dei forventar av kvarandre i partnerskapen, inkludert kva rolle fylkeskommunen bør eller kan ha.

Karrieredagane vert ikkje gjennomførte som ein forpliktande og likeverdig partnerskap mellom aktørane. Aktørane ønskjer likevel at Karrieredagane held fram, men meiner det er nødvendig med visse avklaringar for at ein skal få etablert berekraftige partnerskap rundt Karrieredagane.

Utbyttet for elevane

Eitt av hovudmåla med Karrieredagane er at ungdomar i Møre og Romsdal skal få opplevingar og smakebitar av den breidda av yrke og bransjar som finst i fylket. Smakebitane som vert formidla skal vere mest mogleg praktisk retta, utan tradisjonelt messepreg. Vi har undersøkt kva utbytte elevar, som deltok på Karrieredagane hausten 2011, har av arrangementet. Elevar i 10. klasse ved ein ungdomsskule i kvar av dei fire regionane har bidrege i evalueringa.

I elevundersøkinga var det lagt hovudvekt på at elevane skulle skrive om erfaringane med Karrieredagane, i tillegg skulle elevane svare på eit par lukka spørsmål.⁵


Hovudspørsmåla i elevundersøkinga var:

- *Har deltakinga på karrieredagane påverka kva du kan tenke deg å bli?*
- *Gav deltakinga på Karrieredagane betre forståing for kva utdanning du må velje i vidaregåande for å kunne gå inn i visse yrke?*

Karrieredagane er eitt av fleire tiltak i karriererettleiinga retta mot ungdom. Eit særtrekk ved desse dagane, er vektlegging av samanhengen mellom yrke/bransjar og utdanningsretningar, og at det skal formidlast på ein konkret og praksisnær måte. Målet er å bidra til at ungdomane får tankar om kva dei kan bli, og ikkje minst få betre grunnlag for å gjere meir kvalifiserte og målretta utdannings- og yrkesval.

Har Karrieredagane påverka tankar om yrkesval?

Vi spurde elevane om deltakinga på Karrieredagane har påverka kva dei kan tenke seg å bli.



Figur 1. Svar på spørsmålet: Har deltakinga på Karrieredagane påverka kva du kan tenke deg å bli? Basert på svar frå ungdomar i fire 10. klassar i Møre og Romsdal. N=89.

Figuren ovanfor viser at 36 % av elevane svarer at Karrieredagane har påverka kva dei kan tenke seg å bli, medan 62 % av elevane opplever at det ikkje har påverka kva dei kan tenke seg å bli. Spørsmålet er korleis ein skal tolke desse tala. Sjølv om dei som opplever at dei blir direkte påverka gjennom å ta del på Karrieredagane er i mindretal, må vi hugse på at dette er eitt av fleire tiltak som skal hjelpe elevane på vegen fram mot val av yrke og tilhøyrande yrke. I tillegg må vi til dømes ta høgde for at ein del av elevane allereie veit kva dei vil bli, og at det ligg til grunn for at dei svarer at Karrieredagane ikkje har påverka dei. Utfyllande svar frå elevane peikar at dette var tilfelle for mange (jf. under). At yrkesvalet ikkje vart påverka treng såleis ikkje bety at Karrieredagane var meningslause eller ikkje gav ei eller anna form for utbyte.

⁵ Ja og nei var svaralternativa, men nokre få elevar har svart både ja og nei. I presentasjonen har vi difor laga kategoriane ja, nei og både ja og nei.

Vi skal sjå nærare på elevane sine forklaringar på kvifor dei er blitt påverka eller ikkje påverka av deltakinga på Karrieredagane.

Deltakinga på Karrieredagane påverka kva eg kan tenke meg å bli

Nokre av elevane som vart påverka av deltakinga på Karrieredagane seier følgjande:

Elektrofag. Da jeg så hva de hadde laget, de som hadde gått elektrofag, ville jeg også kunne gjøre det.

Da vi var med lastebilen. Om det å bli vogntogfører (Romsdal)

På media fikk vi prøve oss frem med hva de gjør og det gjorde meg enda mer interessert. Nå vurderer jeg dette.

Karrieredagane har påverka meg, men i liten grad. Det å få vere der gjorde meg meir sikker på kva det er eg vil. At vi fekk ha det sosialt og prøve ut litt forskjellige ved forskjellige linjer var kjekt. Det var også bra at vi fekk eit innblikk i alle linjene. Og ikkje berre ei eller to av eige val

Elevane framhevar dei praktiske sidene ved arrangementet, og stadfestar såleis at Karrieredagane langt på veg lukkast med siktemålet; å formidle yrke/bransjar gjennom aktivitet.

Å verte påverka av deltaking på Karrieredagane handlar ikkje nødvendigvis berre om å finne ut kva retning ein skal gå i eller kva ein vil bli, men også om å bli sikrare på kva ein ikkje skal bli. Nokre sitat frå elevane stadfestar det:

Ja, det har påverka meg i den retning at eg ikkje skal bli barnehagetante, eg vil bli lege.

Ble svært sikker på kva eg absolutt ikkje ville gjere, og sikrare på det eg alltid har villa.

Deltakinga på Karrieredagane har ikkje påverka kva eg kan tenke meg å bli

Mange av elevane som svarer at deltaking på Karrieredagen ikkje påverka kva dei kan tenke seg å bli, forklarar det med at dei allereie veit kva dei skal bli. Andre forklaringar dreier seg om at det ikkje vart presentert utdanningar eller yrke som var i samsvar med retningar elevane kan tenke seg.

Fordi eg hadde bestemt meg frå før, og ingen fikk meg til å endre mening.

De yrkene jeg ville finne ut mer om, fikk jeg ikke se.

Vi fikk ikke sett på alle yrkene. Det var litt dumt, for det kan hende at jeg ville ha blitt inspirert av andre yrker som jeg ikke fikk sett.

Presentasjonane av yrka var det ikkje noko gale med. Men det var ingen av dei yrka som falt i meir interesse enn før. Dei yrka som eg vurderer blei ikkje presenterte, og eg blei difor ikkje noko særleg klokare på kva dei yrka gjekk ut på. Derimot fekk eg meir innblikk i kva linjene på vidaregåande skule hadde å tilby, og det var fleire av linjene eg vurderer der eg no fekk meir lyst til å gå.

Utbyttet eller manglande utbyte av Karrieredagane vert også kopla elevane sine vurderingar av sjølve gjennomføringa:

De ungdommene som viste oss rundt snakket ikke. De burde vært flinkere til å svare på spørsmålene vi spurte.

Jeg synes vi hadde dårlige ledere, og de fulgte oss bare frem og tilbake. En gang gikk hun fra oss. Hun var også usikker på hvor vi skulle.

Somme opplevde dagane som lite engasjerande, eller sagt med ein av elevane sine ord:

Det var litt for kjedelig og dei forklarte på ein måte som var tung å forstå.

I dei fleste tilfella er det ikkje mogleg for elevane å få besøke alle postane, og somme elevar synest det er synd:

Det var ikke noen yrker som jeg ville ha blitt, men det var interessant å høre på. Noe som var dumt var at jeg ikke fikk gå innom de postene jeg kunne ønske å vite litt mer om.

Å finne ei optimal organisering av arrangementa, slik at elevane får innblikk i alle yrka som er representerte på Karrieredagane, kan vere ei utfordring fordi det er knapt med tid og mange elevar som skal leiast gjennom. Men arrangørane bør sjølvstundt diskutere om det er andre og betre måtar å planlegge og gjennomføre arrangementet på for at fleire elevar skal få innblikk i fleire yrke/bransjar. Samstundes er det viktig å formidle til elevane og til andre aktørar, at Karrieredagane berre er eitt av fleire tiltak i karriererettleinga.

Utdanningsvegar til bestemte yrke

Eit sentralt mål med Karrieredagane er at elevane skal få kunnskap om og sjå konkrete døme på samanhengar mellom visse yrke/bransjar, utdanningsprogram og utdanningsretningar. Figuren nedanfor viser om elevane meiner dei fekk betre forståing for den samanhengen.



Figur 2. Svar på spørsmålet: Gav deltakinga på Karrieredagane betre forståing for kva utdanning du må velje i vidaregåande for å kunne gå inn i visse yrke? Basert på svar frå ungdomar i fire 10. klassar i Møre og Romsdal. N=89.

Vel halvparten av elevane (53 %) svarer at deltakinga ikkje gav betre forståing for samanhengen mellom utdanningsprogram i vidaregåande opplæring og yrke, medan litt under halvparten (46 %) av elevane meiner at Karrieredagane gav betre forståing for samanhengen mellom utdanning og yrke.

Blant dei som har svart at dei ikkje fekk betre forståing, kan det sjølvsagt vere at somme meiner dei hadde god forståing for samanhengen allereie før Karrieredagane, og den gode forståinga ikkje har blitt endå betre.

Karrieredagane som tiltak for å formidle samanhengen mellom utdanning og yrke vert vurdert slik av elevar:

Eg fekk vite kva som måtte til for å komme seg til arbeidet (yrket).

Ein kan bli skodespelar ved å gå dramalinja og sjukepleiar ved helse og sosial.

Det var veldig mye informasjon om hvilke linjer man kunne gå for å bli de forskjellige yrkene.

De snakket en del om forskjellene på generell studiekompetanse og spesiell studiekompetanse. Da forstod vi bedre hvilke skoler man må velge hvis man vil bli for eksempel lege eller lignende.

Vi fikk vite mye om hva vi måtte gå av videregående skoler. Det var bra og jeg lærte mye.

På Karrieredagane blei det veldig mykje fokusert på yrkeslinjer, og mindre på studiespesialiserande linjer, så ein fekk god forståing av samanhengen når det gjeld yrkeslinjer, men studiespesialiserande linjer fekk ein ikkje stort mykje meir forståing for.

Arrangementa har tydelegvis funne ein form som gjer at elevane får godt innblikk i kva utdanningsretningar som fører til viss yrke/bransjar, men samstundes er det slik at relativt mange yrke/bransjar ikkje er representerte på Karrieredagane.

I vår tid vert det generelt lagt stor vekt på å formidle til ungdom at utdanning er viktig, og at det løner seg å ta høgere utdanning, uavhengig av kva yrke og bransjar ein siktar mot. Det vert også vektlagt under Karrieredagane, og ein elev kommenterer det slik:

Jeg forstod at man må jobbe hardt uansett hva man skal bli, og at det ofte lønner seg å gå lenger på skole for å få en bedre utdanning.

Tidlegare i rapporten har vi vore inne på at representantar for næringslivet erfarer at det i nokre samanhengar, også under Karrieredagane, vert for mykje fokus på høgere utdanning som beste utdannings- og karriereveg, nærast uansett kva som er yrkesvalet. Desse aktørane meiner vegen om fagbrev og praktisk erfaring i større grad må framhevast, sjølv om det endelege målet er ei utdanning på høgskule eller universitet.

Det ser ut til at utbyttet for elevane er større når det gjeld å få forståing for samanhengen mellom utdanningsprogram i vidaregåande opplæring og yrke enn utbyttet er med tanke på om det påverkar utdannings- og yrkesval.

Sjølv om ein del elevar ikkje opplever utbyte av Karrieredagane når dei vert spurde tre månader etter arrangementet, kan det vere at somme vil erfare 'langtidsverknader' av Karrieredagane. Det kan også vere at utbyttet er meir ubevisst, og at det er vanskeleg å gi uttrykk for gjennom ei evaluering.

Potensialet når det gjeld utbyttet for elevane er kanskje større enn det svara frå elevane gir uttrykk for. Små grep kan bidra til endå større utbyte. Meininga er at fylkeskommunen skal utforme oppgåver som elevar ved ungdomsskulane skal arbeide med i tilknytning til Karrieredagane.

Evalueringa har vist at det i liten grad har blitt gjort. Det kan tenkast at utbytet for elevane vert endå betre viss det vert lagt meir vekt på førebuing og etterarbeid i samband med Karrieredagane. Men det er ikkje tilstrekkeleg at fylkeskommunen gjer jobben med å lage og sende ut oppgåver, skulane må også bruke oppgåvene aktivt i førebuinga til Karrieredagane.

Karrieredagane er liv laga

Hovudmålet med Karrieredagane er at dei skal gje elevar i Møre og Romsdal oppleving og smakebitar av mangfaldet av bransjar og yrke i fylket, og at dagane skal presentere størst mogleg breidde av bransjar og yrke i regionen. Evalueringa viser at det framleis er ulik praksis med tanke på kva tiltaket skal vere; karriererettleiing, yrkesmesse, eller utdanningsmesse.

Karrieredagane er eitt av fleire tiltak i karriererettleiinga som er retta mot ungdom i Møre og Romsdal. Dei ulike tiltaka har noko ulik profil. Karrieredagane skal vere noko anna enn ei yrkesmesse eller utdanningsmesse. Det er viktig at dette blir formidla tydeleg til dei som er involverte i samarbeidet. Måla for Karrieredagane vert gjort kjende for samarbeidspartane i brevet som fylkeskommunen kvart år sender til aktuelle samarbeidspartar. Men det er mykje som tyder på at måla ikkje er like tydelege for alle, og at dei ulike punkta ikkje vert følgt like godt opp. Difor er det føremålstenleg at aktørane i partnerskapen drøftar måla og kjem fram til ei felles oppfatning av korleis ein skal forstå og tolke desse. Drøftinga må også gjere klart kven som har ansvaret for å følgje opp måla. Somme etterlyser retningsliner for organisering og gjennomføring av Karrieredagane. Drøftinga rundt mål og ansvar kan eventuelt munne ut i slike retningsliner for Karrieredagane.

Planlegginga av arrangementet legg naturleg nok føringar på organisering og gjennomføring. Difor bør det leggst opp til ein planleggingsprosess der flest mogleg av dei aktuelle samarbeidspartane er involverte i planlegginga. Det treng ikkje bety at alle skal vere like involverte i alle fasane av prosessen, men det må gjerast ei vurdering av kven som bør vere med i ulike deler av planleggingsprosessen.

Evalueringa viser at Karrieredagane vert oppfatta som eit godt tiltak, som kommunar, verksemder, aktørar i vidaregåande opplæring og utdanningsavdelinga i fylkeskommunen i utgangspunktet oppfattar som positivt. Men det er forhold ved arrangementet som må drøftast. Somme samarbeidspartar er skeptiske til måten det fungerer på. Fleire av opplæringskontora gir uttrykk for at deira fag ikkje vert godt nok profilerte eller at dei ikkje får presentere seg og sine fag under Karrieredagane. Skepsisen handlar også om at samarbeidet mellom opplæringskontor og vidaregåande skular i nokre tilfelle ikkje fungerer tilfredsstillande.

Alle partar som bidreg på postane der elevane skal få smakebitar på yrke og bransjar, er naturleg nok opptekne av å få vist fram eigen bransje for flest mogleg elevar. Som eksempel kan det nemnast at aktørar som vil informere om studiespesialisering og yrke som krev høgare utdanning, meiner at dei får for liten plass på Karrieredagane, medan dei som representerer yrkesfag opplever det same. For å få offentleg sektor meir på banen, kan det vere ein idè å bruke kontaktane ein har på fylkesnivå overfor kommunane med tanke på betre profilering av fagområde som oppvekst- og utdanning, planlegging, sosial- og familie m.fl.

Ulike aktørar har ulike interesser i Karrieredagane. Ungdomane vil ha informasjon og erfaring som gjer at dei kan velje ein karriereveg som passar for dei. Medan representantane for verksemder og

utdanningsinstitusjonar vil og skal formidle utdannings- og yrkesvegar i regionen. I dialogen om kva dagane skal vere, må det takast omsyn til ulike forventningar og interesser, og det må vere mogleg å finne eit opplegg som gjer at Karrieredagane vert eit tiltak som er føremålstenleg for alle partane.

Kva organisasjon eller institusjon koordinatoren representerer legg føringar på ulike sider ved Karrieredagane. Det påverkar mellom anna kva ressursar dei kan setje inn i arbeid, til dels profilen på arrangementet og kva samarbeidspartar som vert trekte inn. Engasjementet i Karrieredagane inneber at koordinator og vertsinstitusjonar brukar mykje ressursar i arbeidet, som dei ikkje får kompensasjon for. Nokre vertsinstitusjonar ser på engasjementet som marknadsføring av eiga verksemd eller som god reklame for deira høgskule. Men i kva grad det er mogeleg for arrangørar og koordinatorar å ha ei slik tilnærming til innsatsen som vert lagt ned, er avhengig av kva institusjon dei representerer. Det er også slik at lokala som arrangørane har til disposisjon påverkar kostnadene ved Karrieredagane i dei ulike regionane. Ein av regionane har så store kostnader til leige av lokale at det ligg an til at kommunane som skuleeigar må betale for at elevane skal vere med. Andre arrangørar får disponere lokale kostnadsfritt. Ein bør prøve å unngå at opplegga knytte til Karrieredagane er så kostnadskrevjande at kommunane må betale for at deira elevar skal få delta, i alle fall må ikkje eigenbetalinga vere så høg at det blir ein barriere for deltaking.

Evalueringa viser at informasjonen og koordineringa rundt Karrieredagane ikkje fungerer tilfredsstillande, og ei forklaring på det er at det i mange tilfelle er uklart kven som har ansvaret for informasjon og koordinering av ulike sider ved arrangementet.

Eitt av poenga med Karrieredagane er å formidle til elevane samanhengen mellom yrke/bransjar og utdanningsretning. Evalueringa viser at elevane erfarer at det som skjer under Karrieredagane får godt fram denne samanhengen. På den måten ser der ut til at dagane gir relativt godt utbyte for elevane. Ein del elevar gir likevel uttrykk for at yrke og bransjar dei gjerne ønskjer å få meir kjennskap til, ikkje vert presenterte under Karrieredagane. Evalueringa har ikkje kartlagt kva yrke og bransjar det gjeld. Det bør i alle fall vurderast om og på kva måtar ein kan sikre eit større mangfald. Tidsaspektet spelar også ei rolle når det gjeld kva elevane får oppleve, og gjer at somme elevar ikkje får besøke alle postane dei kan tenke seg å vere inno. Mange sider ved Karrieredagane kan planleggast og organisertast betre, men det er ikkje sikkert ein kjem dit at alle elevane får smakebitar av alt. Likevel må ein sikte mot å optimalisere utbytet av Karrieredagane innanfor dei rammene ein har. Det bør vere eit mål at alle elevane minst har vore inno ein eller to postar som dei i utgangspunktet har særleg interesse for.

Fylkeskommunen har ansvar for å lage og sende ut oppgåver som elevane ved dei deltakande ungdomsskulane skal bruke som førebuing til Karrieredagane. Det varierer frå år til år om fylkeskommunen har sendt slike oppgåver til skulane. Dei åra det er gjort, er det også variasjon med tanke på i kva grad og på kva måtar skulane følgjer opp arbeidet med oppgåvene. For at utbytet av Karrieredagane skal vere best mogleg, er det viktig at elevar og lærarar er førebudde, og at deltakinga på arrangementet vert følgt opp i etterkant. Både fylkeskommunen og dei deltakande ungdomsskulane har ansvar for å legge til rette for at det skjer. Det kan vere at partnerskapen finn ut at ansvaret for kontakten med skulane ikkje skal ligge hos fylkeskommunen, men det bør vere klart og tydeleg for alle partar kven som har ansvaret, og det må følgjast opp. Det bør også etablerast rutinar for korleis oppfølginga av skulane skal skje.

Lærarane ved dei deltakingande ungdomsskulane har ei rolle både under sjølv arrangementet, og knytt til førebuing og etterarbeid. I dei fleste tilfella er det rådgjevarane ved skulane som er kontaktperson mot fylkeskommunen og koordinatorane. Medan det ofte er (kontakt)lærarane som følgjer elevane på Karrieredagane og har best kjennskap til faget utdanningsval, og til dei eventuelle koplingane som vert gjorde mellom Karrieredagane og faget utdanningsval. Såleis kan det vere meir føremålstenleg at kontaktlærarane for dei deltakingane ellevane i større grad vert trekte inn i koordineringa.

Evalueringa viser at samarbeidspartane er usikre på kva rolle fylkeskommunen har i Karrieredagane. Det handlar om at dei stiller spørsmål ved i kva grad fylkeskommunen tek ansvar for sine oppgåver, men dei uttrykker også ønske om at fylkeskommunen utvidar rolla si i Karrieredagane. I og med at det er fleire ulike aktørarar knytte til Karrieredagane, og som på ulike måtar er opptekne av å få mest mogleg ut av Karrieredagane, kan det vere behov for ein nøytral part som kan ta meir hand om informasjon, planlegging og koordinering. Vi trur at fylkeskommunen er i ein posisjon som gjer at ein slik funksjon bør ligge der.

Ideen med Karrieredagane er at dei skal planleggast og gjennomførast som ein forpliktande og likeverdig partnerskap mellom aktørane, som er utdanningsinstitusjonar, arbeidsliv og næringsliv i offentleg og privat sektor, opplæringskontor, kommunar og utdanningsavdelinga i fylkeskommunen. Evalueringa viser at det trengst ein dialog mellom partane, og at dei ønskjer det. Viss det er mogleg, kan dialogen føre fram til at ein får etablert ein berekraftig partnerskap mellom likeverdige partar. Tema i dialogen må vere kva ulike samarbeidspartar kan bidra med og kva dei forventar av kvarandre i partnerskapen, inkludert kva rolle fylkeskommunen bør eller kan ha. Med slike avklaringar bør det vere mogleg å få etablert berekraftige partnerskap rundt Karrieredagane.

Sjølv om evalueringa viser at det er mange sider ved Karrieredagane som ikkje fungerer tilfredsstillande, er dei fleste involverte svært positive til tiltaket og ønskjer at det skal halde fram. Ikkje minst har relativt mange elevar på ulike måtar gitt uttrykk for å ha utbyte av Karrieredagane, som eitt av fleire tiltak i karriererettleiinga.

Referansar

Stortingsmelding nr 30. (2003-2004): Kultur for læring. Kunnskapsdepartementet

Nettsider

<http://tema.udir.no/radgiver/Lists/Vedlegg/227/NIFU%20STEP%20Rapport%2039-2009.pdf>